Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sund
Emne: Ard og plog | Bygdelag:
Oppskr. av: Karsten Leröy. | Gard: Leröy
(adresse): Leröysjøen | G.nr. 4 Br.nr. 13

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Både ard og plog er brukt i bygda.
2. I gamal tid mylda dei kornet med med ei riva – eller spadde grunt med greip.
3. Arden vert delvis brugt til å slå opp raster ved potetsetjing og vidare til å reinska rastene med. – Arden har eit stort hyppeskjær for bent. Hyppeplog vert dregen med folkehand, og veltefjölene som stillast står på ein annan måte. – Då hyppeplogen er tunga å droga for ein mann, vert han jamt kalla „manndreparen".
4. Arden har ein ås og eit moderne hyppe-skjær, og 2 styrer som på vanleg plog
5. Dei fleste brukar ikkje skjaker men togdrett
6. Folk her seier „tendlana" om skjakene. (el. skåk)
7. Ein skifter gjerne hyppeskjer – eit större til hypping
8. Hyppeskjæret veltar til begge sider. –
9. Ard vert ikkje brukt om harv;
10. Djupna vert no regulert med eit hjul framme.
11. Ardtypar fig 5-7. er ikkje kjende. Ard er berre brukt til å slå opp raster med – og til hypping.
12. Ard vart laga av bygdesmedar.

2948

13. No brukast berre fabrikksmidde plogar. „Stjerna" 9" Kverneland er populær. – Den fyrste plogen som kom på garden Leröy, vart kjöpt frå Stend Landbruksskule 1902. Han kosta da 24 kr. Seinare brukte dei mykje små engelske „Sand Benn" plogar.
14. Aldre plogtypar er ukjende her. –
15. Plogkaren trödde molda av plogen. –
16. Det var så ymse med kva sida ein köyrde den tomme plogen på.
17. Der var ingen ås eller skikkel.
18. Her er berre högreplogar.
19. Plogdjupna kunde vera 10-15 cm.
20. Der var ~~jamt~~ ristil.
21. Å kjöra berre med ristil var ukjendt mens dei hadde lange Gåknivar, torvknivar som dei seinare tider skar före med! Ei slik kniv var ca 80 cm lang med tverrskaft.
22. Dei köyrde plogen på slede eller kjerra.
23. Jarlsbergplog o.l. er ukjende.
Me seier plogåsen og styret, og drettet, me seier eit ar – aret – fl. ar – ara – ein plog – plogen fl. ploga – plogana. ordet ard er naukjent.

2948

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING